

Fra: Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

Sendt: 19.11.2020 14:19:12

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til SAMO

Vedlegg:

Gjeld busstilbod når ekspressbuss-tilbod blir kutta

I gamle Sogn og Fjordane har det vore heller lite dobbelkøyring av buss, på den måten at det går både fylkeskommunal buss og ekspressbuss tilnærma samtidig. Ekspressbussane har i stor grad vore utfyllande tilbod langs riksveg-rutene.

Som følge av dei utfordringane kollektivtransporten har grunna Covid-19, ser vi at fleire ekspressbussruter blir lagt ned. Sist er dette synleggjort i Fjordenes Tidende 18.11.20, der korrespondansen frå snøggåten frå sør med buss frå Måløy mot Eid er tatt vekk.

Dette råkar fleire elevar frå kystkommunane som nyttar bussen for å kome seg til hybelen / skulen sin. For nokre gjeld det kanskje berre søndag kveld, men for fleire gjeld det fleire dagar, då deler av opplæringa skjer med praksis i heimkommunen og noko på skulen.

Kva ansvar har fylkeskommunen for å sette inn ruter i slike tilfeller? Er det gjort nokre tiltak for å utbetre situasjonen, i alle fall for dei som er elevar i vidaregåande skule og som er avhengige av denne korrespondansen / bussruta? Er Måløy eit enkeltstående tilfelle, eller er dette ein situasjon fleire plassar i fylket?

Trude Brosvik

KrF